



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3625 - 17/34936

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
14.12.2017

Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 24/50 Fammestad

Teknisk drift har vurdert søknaden om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for gbnr 24/50 i Svindalsvegen. Avkjørsle er ikkje vist på reguleringsplan Kløve bustadfelt, del av gbnr 24/1 og løyvet vert handsama av vegavdelinga.

Dette vedtaket gjeld løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg. Løyvet gjeld for 1 bustadeining og på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsle frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Lindås kommune si vegnorm (sjå vedlagt kopi). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Avkjørsle må trekkast så nær som mogleg grensa mot gbnr 24/22. Dette for å få størst mogleg avstand til kryss mot Høghøyen.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdato.no og www.vegvesen.no

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle berre gjeld tilknytning til kommunal veg.

Bygging/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler. De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:



Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket vart motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vegnorm 2017 for Lindås Kommune

Kopi til:

Byggesak

Erlend Bratholmen

Vardane 127

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2

5913

EIKANGERVÅG